

Filosofiske forviklingar

Professor Tove Pettersen meiner filosofifaget har eit likestillingsproblem.

FILOSOFI

PERNILLE EKORN RUD GRØNDAL
pernille@dagogtid.no

At filosofifaget historisk sett har vore mannstungt, og at bidraga frå dei få kvinnelege filosofane som fanst, ikkje får merksemd, er det stort sett semje om i dei filosofiske fagmiljøa. Derimot er det usemje om korleis fagmiljøa skal handtere denne erkjenninga. Kva har dette historiske faktumet å seie for korleis ein les filosofihistoria? Og i kva grad påverkar det utviklinga av faget i dag?

– Det er sannsynleg at den noverande underrepresentasjonen av kvinnelege bidrag til filosofien hindrar utviklinga av intellektuelle ressursar i faget, skriv filosofiprofessor Tove Pettersen i den nyleg publiserte fagartikkelen «Filosofiens kjønnsrabalder» (Nytt Norsk Tidsskrift, 1/2024).

FEIL SIGNAL

Pettersen, som underviste i filosofi ved Universitetet i Oslo frå 1991 til 2019, før ho gjekk over til å undervise i tverrfaglege kjønnssemne ved same universitet, peiker på fleire trekk ved filosofifaget som både kvar for seg og saman verkar ekskluderande på kvinnelege studentar og tilsette i fagfellesskapet: ein fiendtleg pedagogikk, nedvurdering av kvinnelege bidrag, i tillegg til manglande kvinnerepresentasjon, både på pensum og i den filosofiske kanonen.

Les ein den filosofiske kanonen, der det finst nesten berre menn (unntaka er Hannah Arendt og Simone de Beauvoir), får ein fort inntrykk av at det ikkje har funnest framifrå kvinnelege filosofar dei siste 2000 år. Den oppfatninga devaluerte kvinner som rasjonelle vesen, noko også fleire av dei kanoniske filosofane, til dømes Kant, heldt på med, meiner Pettersen. Ho legg til at det ikkje er rett røyndomsskildring, og at det gjev feil signal til kvinnelege filosofistudentar.

Andre, som førsteamanuensis ved Høgskulen i Innlandet Hedda

Bakgrunn

■ **Kvinner i filosofi, mellomhelse og faste undervisnings- og forskarstillingar, 2024***

■ **Universitetet i Oslo**
Førsteamanuensis: 60 prosent kvinner
Professor: 22 prosent kvinner

■ **Universitetet i Bergen**
Førsteamanuensis: 40 prosent kvinner
Professor: 20 prosent kvinner

■ **Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet**
Førsteamanuensis: 23 prosent kvinner
Professor: 31 prosent kvinner

■ **UiT Noregs arktiske universitet**
Førsteamanuensis: 33 prosent kvinner
Professor: 66 prosent kvinner

■ **På landsbasis er det ca. 53 prosent kvinner blant alle stipendiatar og postdoktorar, dei fire største universiteta sett under eitt.**

*Basert på ein uformell opteljing

Hassel Mørch, er ikkje like sikker: – Det finst absolutt gode kvinnelege filosofar som fortener å verte studerte, men det er ikkje sikkert at dei høyrer heime i den filosofiske kanonen.

EKSKLUDERANDE

Debatten om kjønnet og filosofi på studiestadene i landet nådde eit temperaturmessig toppunkt vinteren 2023. Då gjekk 35 filosofistudentar ved Universitetet i Oslo, med student Astrid Engen i front, ut i media og fortalde om ekskluderande mannkultur ved fakultetet. Til Morgenbladet sa Engen at mannsdominansen på filosofi verka demotiverande på mange kvinnelege studentar, noko som bidrog til at fleire vurderte



Førsteamanuensis i filosofi ved Høgskulen i Innlandet, Hedda Hassel Mørch. Foto: Høgskulen i Innlandet



Tove Pettersen, professor i filosofi på Senter for tverrfaglege kjønnsstudium ved Universitetet i Oslo. Foto: UiO

å slutte. Årsaker var blant anna frávær av feministiske problemstillingar og kvinnelege filosofar på pensum.

Fleire studentar snakka om ein ukultur mot kvinnelege studentar og guttastemming i debattar mellom studentane. Seinare skipa 56 studentar rørsla Gender Expansive Philosophy, med mål om å lage eit trygt læringsmiljø for kvinner, transpersonar og andre som bryt med kjønnsnormer.

Den påfølgjande debatten kan sjåast som eit utslag av ein større kulturell tendens der kritisk kjønns teori vert nytta til å undersøkje og forklare skilnader mellom kjønnet på ulike samfunnsområde. I det lyset kan ein òg kanskje forstå nokre av poenga i artikkelen til Pettersen.

HARDT DEBATTKLIMA

I artikkelen finn ho at studentane, særleg dei kvinnelege, opplever eit hardt debattklima der diskusjonen handlar om å øydeleggje motstandaren verbalt. Ho seier mange studentar, og særleg kvinner, skildrar diskusjonsforma som ekskluderande og framandgjerande. Debattstilen er vanlegare blant mannlige studentar, meiner ho.

– Den dominerande diskusjonsstilen blant studentane er det eg kallar ei antagonistisk debattform. Eg trur det er ei av årsakene til at mange kvinner, men òg nokre menn, droppar ut.

Sjølv om ein slik måte å diskutere på også finst i andre fagdisiplinar, har dei fått spesielt gode vekstvilkår innanfor filosofifaget fordi det er – og alltid har vore – eit mannsdominert fag, meiner ho.

– Dette handlar om arbeidsmiljøet til studentane. Når instituttta får tilbakemelding om at den kvinnelege studentmassen på filosofifaga ikkje trivst, må leinga ta det på største alvor, seier Pettersen.

Hassel Mørch meiner ein bør vere varsam med å tru at alle kvinner har problem med ein antagonistisk diskusjonsstil eller manglande kvinneleg representasjon.

– Sjølv sagt skal ein ta ein skilddøpplingar på alvor, og treffe tiltak for å ta hand om dei det gjeld. Men eg kjenner meg ikkje igjen i at kvinner ikkje trivst med den debatt- eller diskusjonsstilen som er typisk for filosofi i dag. Sjølv set og pris på denne måten å diskutere på.

FELLESKAPSORIENTERTE

Mørch meiner ein bør skilje mellom det som er dårleg oppførelse og sexistiske kommentarar, og normene for diskusjon og argumentasjon i sjølve faget.

– Det er rom for debatt om kva normer som skal styre den filosofiske diskusjonen. Men sidan mange kvinner også trivst med

normene som dominerer no, er eg ikkje sikker på om dette skal definerast som eit feministisk spørsmål.

Pettersen presiserer at ho ikkje meiner at rasjonalitet eller evna til å tveve god filosofi er knytte til kjønnet, sjølv om ho påpeikar at mange pensumlistar kan gje det inntrykket. Likevel synar ho til sosiologvitsk forsking som indikerer at den antagonistiske debattstilen er vanlegare hjå menn, og at kvinner er meir samarbeids- og fellesskapsorienterte i stilen.

Problemet er at dei som ikkje passar inn i den diskusjonsstilen, vert oppfatta som svake, og kanskje vert vurderte som mindre filosofisk og intellektuelt kompetente, meiner ho.

– Når eg underviser, prøver eg å gjere filosofisk argumentasjon til ein dialog, i staden for at studentane dreg svordet mot kvarandre.

Ho synar vidare til at diskusjonen kring debattstil er omtrent like gammal som filosofien sjølv. Les ein breva til filosofen Héloïse, elskarinnna og eleven til den kjende filosofen Abelard, kan ein tydeleg sjå at ho uttrykte seg negativt til den antagonistiske stilen hans, seier Pettersen.

TALA

Eit av poenga til Pettersen er at kvinner i større grad enn menn fell frå etter bachelorstudiet.

Det er Universitetet i Oslo som utdannar flest filosofistudentar kvart år. Ifølgje universitetet ligg talet på kvinnelege studentar

kjønnsfordelinga 53 prosent i favør av kvinnene. Kan det indikere at kjønnsbalansen i filosofien er i ferd med å verte utjamna?

– Det er gledelig om kvinnedelen verkeleg aukar. Men med tanke på kor lenge debatten om kjønnsgapet i filosofi har gått føre seg, går utviklinga altfor sakte. Tala frå filosofi på Universitetet i Oslo frå 2023 synar nettopp at eit kritisk punkt er rekruttering av kvinner frå bachelor til master. Arbeidet med å betre kjønnsbalansen er ikkje ferdig, seier Pettersen. Artikkelen hennar diskuterer nettopp korleis filosofifaget kan halde på dei kvinnelege bachelorstudentane.

– Det må faginterne endringar til for å auke kvinnedelen, først og fremst ein meir inkluderande pedagogikk og ein oppdatert fagportefølje, seier ho.

KVINNER I KANONEN?

Særleg temperatur får debatten når nokon – helst feministiske filosofar – foreslår å revidere den vestlege filosofiske kanonen, altså kva tekstar som skal reknast for å vere dei beste og viktigaste innanfor fagtradisjonen.

Hassel Mørch er blant dei som tek til orde mot å plassere fleire kvinner inn i den filosofiske kanonen berre fordi dei er kvinner. I eit essay i Morgenbladet førte veke skreiv ho at kvinner historisk sett har vorte hindra i å bidra til filosofien på same premisser som menn.

– Vi bør absolutt både lete fram og lese hittil gløynde kvinnelege



Eit portrett av filosofen Germaine de Staël, ein fransk-sveitsk filosof som levde og verka på 1700- og 1800-talet. Ho er ei av fleire kvinnelege filosofar som har fått merksemd dei siste åra, ikkje minst takk vere arbeidet til filosof Kristin Gjesdal. Foto: NTB

ein skal kvotere inn kvinner i kanonen. Ho er likevel usamd i synspunktet om at det ikkje finst kvinnelege filosofar av framifrå kvalitet.

– Sjølv om kvinner ikkje hadde formell tilgang til europeiske universitet før på 1800-talet, har dei funnest – og mange av dei har vore i dialog med dei mannlige filosofane som no er kanoniserte.

FAGLEG SJØLVTILLIT

Eit vanleg standpunkt i spørsmål om kanonisering og pensumlistar er at manglande representasjon i filosofifaget påverkar kvinnelege studentar negativt, spesielt ved at kvinnene mistar fagleg sjølvtilitt. Hassel Mørch meiner at det synspunktet manglar eintydig støtte i forsking.

– Om det var slik at manglande representasjon verka demotiverande på kvinner og førte til fråfall, burde vi sett den same tendensen på andre fagområde med manglande representasjon, meiner ho.

Pettersen meiner derimot at hypotesen har empirisk belegg, og synar til at opp-

fatninga finn støtte i både amerikanske og nordiske forskingsprosjekt.

– Vi kan sjølv sagt ikkje seie at hypotesen har eintydig støtte, då undersøkingar av denne typen ikkje gjev eintydige resultat.

Mykje tyder likevel på, meiner Pettersen, at kvinnerepresentasjon på pensum vil føre til at fleire kvinner ikkje droppar ut. Dette er eitt av fleire moglege tiltak ein kan setje i verk, om ein er interessert i å endre kjønnsbalansen i filosofien.

UNDERTRYKKING

Ein lyt vere kritisk til korleis den filosofiske kanonen har vorte utforma: Når han i stor grad har vorte utforma av menn, er det sannsynleg at dette har prega kven som fekk plass i første omgang, og kven som deretter har fått plass, meiner ho.

– Er det verkeleg mogleg å meine at det ikkje skal vere fleire kvinner i kanonen, når forsking synar at det finst mange utmerkte kvinnelege filosofar gjennom heile filo-

sofihistoria, spør ho retorisk. Hassel Mørch er delvis samd:

– Det er absolutt verdt å undersøkje om ein finn framifrå filosofiske bidrag frå kvinner. Min hypotese er at på grunn av historisk undertrykking var det få kvinner som fekk høve til å bidra heilt i fronten av fagutviklinga. At det var slik undertrykking, er jo ein av hovudpremissane i feminisismen.

ENDRINGAR

Ordskiftet som følgde i kjølvatnet av debatten i fjor vinter, leidde til at filosofisk institutt ved Universitetet i Oslo sette ned ei arbeidsgruppe som skulle jobbe for å betre likestillinga på filosofiprogrammet.

På e-post skriv professor Reidar Maliks at instituttet har sett i verk tiltak for å skape eit betre klassemiljø, mellom anna ved å opprette notatet «Skikk og bruk på filosofi», som gir rettleiing for godt diskusjonsklima.

– Det er ikkje lett å finne målretta tiltak for å betre

miljøet mellom studentane, men vi fokuserer på fagleg-sosiale tiltak og reviderer mentorordninga. Vonleg har det god effekt også for miljøet for kvinner på filosofi, skriv han. Han legg til at filosofisk institutt har rundt 50 prosent kvinner blant dei vitenskaplege fast tilsette – det vil seie lektorar, førsteamanuensar og professorar sett under eitt.

Når det gjeld pensum, tilrår dei førelesarar å inkludere kvinner og minoritetar på pensum, også sjølv om det inneber å endre tema i nokon grad – innanfor rammene av akademisk fridom. I tilfelle det er uventa få tekstar skrivne av kvinner, tek fagleiaren kontakt med emneansvarleg med tilbod om hjelp til å finne fleire tekstar skrivne av kvinnelege filosofar, fortel han.

Pettersen seier ho er glad for at Universitetet i Oslo no har sett i verk tiltak som også rettar seg mot dei grunnleggjande pedagogiske og faglege problema som heldt opp kjønnskilnadene i filosofifaget.

Vi har spurt ein av journalistane våre som har interesse for filosofi, om kven som er dei kvinnelege favorittfilosofane hennar.

Filosomor

Eg har ingen favorittfilosofar. Sjølve ideen byr meg imot, av grunnar eg ikkje har plass til å gå inn på her. Men eg kan nemne nokre svært ulike tenkarar som betyr noko for meg.

Camille Paglia er filosofiens Jordan Peterson: reaksjonær, populistisk og hypnotiserande. Ho tek feil om mykje, men herregud så gira og blir av å lese berre ei side av den heseblesande, liksom kroniske kåte, men samtidig totalt cerebrale, skrifa hennar. Paglia blandar psykoanalyse, mytar og nærlesingar av kanonisert litteratur i sveipande diagnosar av kva det vil seie å vere menneske generelt og kvinne spesielt. Tekstane hennar er like mykje poesi som argument, sjølv om dei er fri for tre og steinar og konkrete kroppar; her er alt abstraksjon og påstand, skamløst og fritt og frodande.

Eg liker ikkje å lese **Donna Haraway**, ein kruglete og innforstått filosof eg forbind med berlinske hipsterar og kunstverdas klumsete omgang med filosofisk sjargong, men likevel liker eg å ha ideane hennar for handa, særleg i møte med unge folk. Ho skriv om gråsonene mellom det «kunstige» og det «naturlege», kritiserer tenking som set menneske i midten, og foreslår nye former for slektskap på tvers av artar.

Elles er eg glad i brodden til britiske **Gillian Rose**, den sylskarpe og samstundes ømme tunga til **Angela Davis**, Nancy Frasers kritikk av identitetspolitikk og den anstendige og kloke moralfilosofien til **Onora O'Neill**.

Då eg studerte, lærte eg å forakte **Martha Nussbaum**. Lærarane mine meinte ho var ein hysterisk og uplight moralist. Eg har sidan den gong oppdaga at eg elsker henne. Det er ikkje uvanleg i filosofien, at ein møter karikaturlar av eit argument lenge før ein faktisk les det.

Nussbaum er jurist, operasjonar og maratonløpar, og det merkar ein i filosofien hennar, som er ein ballsal av stamina og presisjon. Kvart einaste år publiserer ho bøker om aktuelle spørsmål, samstundes som sakskompleksa faldar seg ut i det offentlege ordskiftet, om alt frå metoo, klima, nasjonalisme, dyr og rasisme til litteraturens rolle som empatigenerator. Den hyperaktive produksjonen provoserer kollegaene hennar, utan at dei klarer å stable på beina ein kritikk om at ho er ein lettvektar.

Nussbaum skriv korkje morosamt eller sexy, men i motsetnad til dei andre på denne lista, som eg ofte les for nyttinga si skuld, så legg eg nesten alltid frå meg bokene til Nussbaum med eit nikk og ei erkjenning av at jau, ho har nok heilt rett.

Elles tenker eg at mykje av den beste filosoferinga gjord av kvinner framleis går føre seg utanfor disiplinen, i romanar og essayistikk. Ser ein tilbake på det førre hundreåret, ser ein kor mykje store tenkarar som **Virginia Woolf**, **Ursula K. Le Guin** og **Iris Murdoch** fekk sagt i meir kjetteriske former. Kanskje er det til og med eit vesentleg forhold mellom det å vere ei kvinne som tenker med og mot filosofihistoria, og det å motsette seg filosofi som formstreng disiplin. Eit anna døme er **Hannah Arendt**, ein av nittenhundreårets viktigaste tenkarar, som insisterte på å vere samfunnssteoretikar, ikkje «filosof».

IDA LØDEMEL TVEDT